

**Jobbnorge-ID:** 285162  
**Søknadsfrist:** 26.10.2025  
**Nettside:** <http://www.uis.no/>  
**Omfang:** Heiltid  
**Varighet:** Fast

## Byggingeniør innanfor konstruksjonsteknikk

### Om stillinga

Universitetet i Stavanger har ledig stilling som byggingeniør innanfor konstruksjonsteknikk ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultetet, laboratoriet knytt til Institutt for maskin-, bygg- og materialteknologi.

Vi ser etter deg som har erfaring med programvare innanfor Building Information Modelling (BIM) og konstruksjonsanalyse, og som kan trivast med å variere mellom analysearbeid og praktisk arbeid på betonglaboratoria. Du har gjerne hatt rolla som rådgjevande ingeniør bygg (RIB). Rolla krev teknisk forståing for bruk av programvara nemnt nedanfor, samt handtering av lisensar. Du vil få ansvar for programvara på datalaboratoria knytt til studium innanfor konstruksjonsteknikk, infrastruktur og byplanlegging. Du vil også vera den som samarbeider med IT når det gjeld installasjon og feilsøking på programvarene som er i bruk.

Praktisk arbeid på betonglaboratoriet hos oss er støyping av betong, både i undervisnings- og forskingssamanheng, samt vedlikehald og drift av betonglaboratoriet. Dersom du ikkje har bakgrunn innanfor betongarbeid, får du opplæring. Du er reflektert, tek ansvar for god HMS, for deg sjølv og dei rundt deg, og har evne til å setje deg inn i ulike problemstillingar.

Tilsette på laboratoriet består av både ingeniørar og fagbrevutdanna, med variert og ulik bakgrunn, og ansvar innanfor ulike fagområde. Både engelsk og norsk er arbeidsspråk hos oss.

Hos oss får du høvet til å vere med og utdanne framtidens ingeniørar!

### Hovudoppgåver

- Rettleie studentar i bruk av programvare innanfor BIM og konstruksjonsanalyse, til dømes AutoCAD, Revit, Rhino, FEM-design, IDEA-statica, Solibri, Focus konstruksjon og liknande.
- Oppfølging saman med faglærarar og IT-avdelinga for handtering av lisensar og installasjon av programvare på datalaboratoriet.
- Vedlikehald og drift av prosess og utstyr knytt til fersk betong, samt gjennomføring av gruppeundervisning på betonglaboratoriet.

### Kvalifikasjonar

Du må ha:

- utdanning som byggingeniør innanfor konstruksjonsteknikk, minimum bachelornivå. Særleg relevant erfaring kan kompensere for utdanningskravet.
- god erfaring med 3D-modellering relatert til bygg og anlegg
- erfaring med berekningsprogram og BIM-verktøy
- har god digital kompetanse, og kan kommunisere tydeleg og effektivt med IT-avdelinga
- god munnleg og skriftleg framstillingsevne på engelsk, og på norsk (minimum B1-nivå)

Vidare vert det lagt vekt på at du:

- har gode haldningar til HMS-arbeid
- har god kjennskap til byggjeforskrifter og standardar
- kan setje deg inn i ny programvare til forskjellig utstyr
- har kjennskap til arbeid med fersk betong og støypeprosessar
- er sjølvstendig, reflektert og strukturert

### Vi tilbyr

- varierte arbeidsoppgåver i ein stor organisasjon med eit viktig samfunnsoppdrag
- eit inkluderande arbeidsmiljø med fokus på fagleg utvikling.
- lønn som overingeniør etter Statens lønnsregulativ l.pl 90.301, kode 1087, kr 630 000 - 720 000 bto pr år. I særskilte tilfelle kan høgare lønn bli vurdert. Frå lønna vert det trekt lovfesta innskot til Statens pensjonskasse.
- medlemskap i [Statens pensjonskasse](#) som sikrar gode pensjons- og forsikringsordningar
- [meir om gode for tilsette og fordelar](#) på våre nettsider

### Mangfald

Mangfold er ein ressurs i arbeids- og læringsmiljøet ved UiS. Når vi har ulike bakgrunnar og erfaringar, kan vi sjå utfordringar frå fleire vinklar og finne betre løysingar.

På UiS er vi opptatt av å vise respekt for kvarandre med dei ulikskapane vi har, og vi legg til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne. Vi tek omsyn til behova dine og situasjonen din i ulike livsfasar.

Om du synest stillinga er interessant, oppmodar vi deg til å søkje, uavhengig av kjønn, funksjonsevne, kulturell bakgrunn eller om du har vore utanfor arbeidslivet ei tid.

Er det kvalifiserte søkjarar med funksjonsnedsetjing, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn, inviterer me minst inn éin søkjar i kvar av desse gruppene til intervju. Kjenne du deg igjen i ein av desse kategoriane, kan du kryssa av i jobbsøklarportalen vår.

Les meir om krava for å bli vurdert som søkjar i desse gruppene [her](#).

Universitetet vil rekruttera fleire kvinner til avdelinga og oppmodar derfor spesielt kvinner til å søke. Dersom fleire søkjarar vert vurdert til å ha likeverdige kvalifikasjonar, vil ein kvinne bli prioritert føre en mann.

## Søknad

Søk på stillinga elektronisk via "Søk stillinga" på denne sida. Her vert minimum søknadsbrev, relevant utdanning og arbeidserfaring samt språkferdigheter registrert. I søknadsbrevet må du få fram kva kompetanse og motivasjon du har for stillinga.

Ein meir utfyllande CV, vitnemål, attestar og eventuelt annan dokumentasjon som du vil det skal tas omsyn til ved vurdering av søknaden, må lastas opp som vedlegg. Dokumentasjonen må finnast på eit skandinavisk språk eller engelsk. Dersom vedlegga overskrid 30 MB til saman, må dei komprimerast før opplasting.

Søknaden vert vurdert ut frå informasjonen som er tilgjengeleg i Jobbnorge ved søknadsfristen. Sørg derfor for at søknaden tydeleg viser korleis evnene og erfaringane dine oppfyller kompetansekrava som det er skrive om over.

Vi gjer merksame på at opplysningar om søkjar kan bli offentleggjorde sjølv om søkjer har bedd om ikkje å bli oppført på offentlig søkjarliste, jf [offentleglova § 25](#). Dersom ønsket ditt ikkje blir tatt til følgje, vil du bli varsla om dette.

UiS vurderer berre søknadar og vedlegg som er registrert i Jobbnorge.

## UiS - vi vil utfordre det velkjente og utforske det ukjente

*Universitetet i Stavanger (UiS) har omlag 12 000 studentar og 2.200 tilsette. Universitetet har store ambisjonar. Vi skal ha en innovativ og internasjonal profil og vera ei drivkraft i kunnskapsutviklinga og endringsprosessar i samfunnet. Vår felles retning skal drivast fram av omtanke for grøn og berekraftig omstilling og rettferdig samfunnsutvikling, gjennom nye måtar å forvalte naturressursane på og ved å legge til rette for betre byar og lokalsamfunn. Energi, helse og velferd, læring for livet er våre satsingsområde.*

*I samspel og dialog med våre omgjevningar regionalt, nasjonalt og internasjonalt har vi eit ope og innovativt klima for utdanning, forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid, nyskaping, formidling og museumsverksemd. Den faglege verksemda ved UiS er organisert i seks fakultet med 13 institutt og 2 nasjonale forskings- og kompetansesenter i tillegg til Arkeologisk museum. Vi er medlem i det europeiske nettverket for innovative universitet - European Consortium of Innovative Universities (ECIU). Universitetet ligg i den mest attraktive regionen i landet med 300.000 innbyggjarar. Stavangerregionen har et dynamisk arbeidsmarknad og tilbyr ei rekke spennande kultur- og fritidsaktivitetar.*

*Saman med dei tilsette og studentane våre vil vi løfta blikket, og våga å tenke stort og nytt - vi utfordre det velkjente og utforske det ukjente.*

**Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet** tilbyr utdanningar på bachelor-, master- og doktorgradsnivå. Fakultetet har eit nært samarbeid om forskning med NORCE og industrien i regionen. Ei rekkje master- og doktorgradsoppgåver blir laga i samarbeid med industrien. Fakultetet har etablert forskningssamarbeid med universitet i USA og Europa, og har utvikla fleire fagmiljø som er internasjonalt leiande. Fakultetet har om lag 2.900 studentar og 500 tilsette fordelte på Institutt for data- og elektroteknikk, Institutt for maskin, bygg og materialteknologi, Institutt for matematikk og fysikk, Institutt for kjemi, biovitenskap og miljøteknologi, Institutt for energi- og petroleumsteknologi, Institutt for energiressursar og Institutt for sikkerheit, økonomi og planlegging.

## Tilleggsinformasjon

### Kontaktpersonar:

- Anita Oltedal, laboratorieleder  
Telefon: +47 4004 8006 | E-post: [anita.oltedal@uis.no](mailto:anita.oltedal@uis.no)
- Rosa Andrade, HR-rådgiver  
Telefon: | E-post: [rosa.c.andrade@uis.no](mailto:rosa.c.andrade@uis.no)

### Arbeidsstad:

Adresse mangler 4036 Stavanger (Stavanger Kommune)